

KONTROLL- OG
KVALITETSUTVALET
I BOKN



ÅRSMELDING
2023

INNLEIING

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2023. I følgje kommunelova § 23-5 skal "**kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SITT FØREMÅL

Kontroll- og kvalitetsutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon og selskap som kommunen eig eller er deleigar i (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontroll- og kvalitetsutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret. Utvalet rapporterer og legg fram sine innstillingar direkte til kommunestyret. Utvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret, fyrste gang i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontroll- og kvalitetsutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontroll- og kvalitetsutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommune har eigarinteresse.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For perioden 2019 - 2023 har kommunestyret valt følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Anne Løvereide Faye (Ap)
Medlem	Kim Erik Larsen (H)
Medlem	Catharina Øvrebø (Sp)
Medlem	Hans Jørgen Ognøy (Krf)
Medlem	Daghild Alvestad (Sp)

Varamedlemmer:

1. Fredrik Sunde Olaussen (H)
2. Edgar Våge (H)
3. Tom Inge Aksdal (H)
4. Ingrid Kallevik (Ap)
5. Torstein Alvestad (Krf)

For perioden 2023 - 2027 har kommunestyret valt følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Olav Lande Rossebø (H)
Nest leiar	Anne Løvereide Faye (Uavh.)
Medlem	Hans Jørgen Ognøy (Krf)
Medlem	Daghild Alvestad (Uavh.)
Medlem	Sondre Tveita (Sp)

Varamedlemer

For Ap

Marit Alvestad

Tor Inge Sæbø

For Sp

June Kro

Trond Nedrebø

For Høyre

Gunn Gismarvik Hognaland

Harald Fiskaaen

Utvalsleiar Olav L. Rossebø er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt på tri av fire møter i 2023.

Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn. Ho eller andre frå administrasjonen har delteke på alle møta i fjor.

Møta vert gjort kjent på sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no) og på kommunen sine nettsider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I UTVALET I 2023

Kontroll- og kvalitetsutvalet har hatt 4 møte, fordelt på to møte på våren og to møte på hausten. Utvalet held sine møte på Bokna Arena. Utvalet sine møte er opne for alle, men dei skal eller kan bli lukka når det er heimla i lov.

Utvalet har i 2023 hatt 23 saker til handsaming, der 3 av sakene er vidaresendt til kommunestyret. 26 saker som er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Anne Løvereide Faye og Hans Jørgen Ognøy deltok på fagkonferansen i regi av Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i Trondheim 31.05 – 01.06.23.

Det var fleire frå det nyvalde utvalet som deltok på opplæringskveld i Aksdal 14.11.23.

4. KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontroll- og kvalitetsutvalgets oppgåve er å drive systemkontroll. I dette ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontroll- og kvalitetsutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiding for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontroll- og kvalitetsutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytt til kommunen sin eigenkontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontroll- og kvalitetsutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal rekneskapsskikk og kontroll- og kvalitetsutvalet sine instruksar.

Kontroll- og kvalitetsutvalet hadde i møtet 03.05.23, sak 07/23 kommunen sin årsrekneskap for 2022 til handsaming.

Årsrekneskapen viste eit netto driftsresultat på 10,5 mill. kr, som utgjer 8,1 % av driftsinntektene. Resultatet var godt over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Kontroll- og kvalitetsutvalet hadde inga merknader til rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontroll- og kvalitetsutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontroll- og kvalitetsutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Bokn kommune sin plan for 2020 - 2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 15.12.20, sak 57/20.

Utvalet handsama i september oppfølging av rapporten om «Bokn Arena». Kommunedirektøren si tilbakemelding blei tatt til orientering og saka vart sendt vidare til kommunestyret.

Kontroll- og kvalitetsutvalet valde i november 2022 «Bokn skule - arbeidsmiljø» som nytt prosjekt. Rapporten vil bli handsama på nyåret 2024.

Utvalet har også tinga ny risiko- og vesentleganalyse frå revisor. Denne analysen skal danne grunnlaget for nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2023 – 2027. Utvalet vil arbeide med desse planane i løpet av 2024.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er Kontroll- og kvalitetsutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontroll- og kvalitetsutvalet skal også utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Plan for 2020-2024 og retningslinene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 15.12.20, sak 56/20 på bakgrunn av overordna analyse. I planen er «Overordna eigarskapstyring» sett opp.

Bokn kommunestyre vedtok sin fyrste eigarskapsmelding i 2021 for årene 2021-2024. I følgje meldinga er det nokre selskap som er vurdert som særskilt viktige for Bokn kommune. Desse er: Haugaland Næringspark AS, HIM IKS, Bokn Tomteselskap AS, Haugaland brann og HBR IKS og KH IKS.

Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap. I september fekk utvalet orientering frå Haugaland brann og redning IKS.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år eigenerklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har vore kommunen sitt revisjonsselskap frå 01.07.21. Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 15.06.21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæringar, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar og utarbeida forvaltningsrevisjonsrapport.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei *skriftleg* uttale til Kontroll- og kvalitetsutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon IKS kom med si uttale for rekneskapsåret 2022 samstundes med godkjenning av årsrekneskapsrapporten.

Revisor hadde undersøkt etterleving av regelverket for gåver og representasjon, og reiserekningar. Revisor hadde nokre merknader og utvalet vedtok å be om ei tilbakemelding frå administrasjonen innan 28.08.23.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå administrasjonen som vart handsama i møtet 06.09.23.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan også skje ved at utvalet får orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker som utvalet har tatt opp. Utvalet har i 2023 fått orientering om oppvekst og skule.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2023:

	REGNSKAP 2022	BUDSJETT 2023	REGNSKAP 2023
Godtgjersle, kurs, m.m.	65 350	67 500	56 340
Revisjonstenester	540 070	489 000	536 344
Sekretariatstenester	128 000	133 000	133 000
Sum utgifter eks. mva	733 420	689 500	725 684

Bokn kommunestyre vedtok i møtet 26.09.23 å gi ei ekstrabevilling på kr 27 750 til ansvarsområdet Kontroll og revisjon til dekning av ekstra kostnader til forvaltningsrevisjonsrapporten om «Bokn skule – arbeidsmiljø».

Kontroll- og kvalitetsutvalet handsama hausten 2023 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2024. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 742 000.

6. SEKRETARIATET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert i 2004.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og med andre sekretariat, spesielt med Rogaland og Vestland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Bokn kommune var Kristoffer Joakim Are valt inn i representantskapet for IKSet med Lillian Grønnestad som varamedlem. Kristoffer J. Are deltok på representantskapsmøtet 24.04.23 i Aksdal.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2023 har vore stort sett som planlagt. Utvalet har handsama oppfølging av revisjonsrapporten om «Bokn Arena».

Utvalet har fått ulike orienteringar frå mellom anna Haugaland brann og redning IKS og om oppvekst/skule. Utvalet fekk også omvising på den nye skulen i februar.

Prosjektet om «Bokn skule - arbeidsmiljø» vil bli levert på nyåret 2024. Utvalet har tinga ny risiko- og vesentleganalyse frå revisor.

Administrasjonen har gjort greie for saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Bokn, 21.02.24

Anne Løvereide Faye

Olav L. Rossebø
leiar

Sondre Tveita

Hans Jørgen Ognøy

Daghild G. Alvestad

OVERSYN OVER SAKER – BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL 2023

Saker til handsaming:

- 1/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 23.11.22
- 2/23 Tinging av revisjonsprosjekt – «Bokn skule - arbeidsmiljø»
- 3/23 Kontroll- og kvalitetsutvalet - årsmelding 2022
- 4/23 Referat- og orienteringssaker 22.02.23

- 5/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 22.02.23
- 6/23 Orientering frå administrasjonen – oppvekst med fokus på oppfølgingstenesta
- 7/23 Uttale til årsrekneskapen for 2022
- 8/23 Forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2022 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga
- 9/23 Referat- og orienteringssaker 03.05.23

- 10/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 03.05.23
- 11/23 Haugaland brann og redning IKS - orientering om selskapet
- 12/23 Oppfølging av revisjonsrapport – «Bokn arena»
- 13/23 Tilbakemelding om forenkla etterlevingskontroll 2022
- 14/23 Budsjettframlegg 2024 - kontrollarbeidet i kommunen
- 15/23 Evaluering av utvalet sitt arbeid for perioden 2019 - 2023
- 16/23 Referat- og orienteringssaker 06.09.23

- 17/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 06.09.23
- 18/23 Kontroll- og kvalitetsutvalet sine oppgåver og ansvar
- 19/23 Revisor si eigenerklæring for 2023
- 20/23 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for 2023
- 21/23 Bestilling av risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023 - 2027 for Bokn kommune
- 22/23 Møteplan for 2024
- 23/23 Referat- og orienteringssaker 22.11.23